

Sak til samarbeidsutvala

Går til: Samarbeidsutvalet for Bergensregionen
Dato: 8.12
Sakshandsamar: Nina Næsheim
Saka gjeld: Innspel til justert utviklingsplan
Saksnummer: 50/21

Innleiing

Saka er ein oppfølging av orienteringssak til samarbeidsutvala i september om justering av Helse Bergen sin utviklingsplan.

Bakgrunn

Gjeldande utviklingsplan for Helse Bergen HF vart godkjent av styret den 27. september 2018, etter ein omfattande prosess med brei involvering frå medarbeidarar, brukarar og samarbeidspartar. Føretaksleiinga har derfor bestemt at det ikkje skal bli laga ein ny plan no. Gjeldande plan skal bli oppdatert, korta ned og deldigitalisert. Når utkast til justert utviklingsplan er klar vil den bli sendt til samarbeidsutvala og andre interessentar for ein kort innspelsrunde:

Vi har planlagt følgjande prosess:

1. Informere Samarbeidsutvala om arbeidet med å justere utviklingsplanen (gjennomført)
2. Gjere greie for prosess for innspel og utarbeide ein mal for innspela(november)
3. Informere om prosess for innspel i Administrativt kontaktmøte (november)
4. Informere om justeringane i utviklingsplanen og innspelprosessen i dei fire Samarbeidsutvala (desember)
5. Sende utkast til justert utviklingsplan til samarbeidsutvala og postmottak i dei 18 kommunane (desember)
6. Samarbeidssekretariatet set saman innspela og sender samla svar til redaksjonen for utviklingsplanen (januar 2022)

Drøfting/vurdering

Vi ønskjer å informere samarbeidsutvala om justeringane i utviklingsplanen og få tilbakemelding på forslag til skissert prosess for tilbakemelding av innspel frå kommunane.

Tilråding frå AU

Arbeidsgruppa for justering av utviklingsplanen får 15 minutt i samarbeidsutvalsmøta for å presentere justeringar i utviklingsplanen og få tilbakemelding på forslag til prosess for innspel.